

# FERDAFØLGE

TEKST: Asbjørn Rydland · ILLUSTRASJON: Johanne Eikå Bergill

Kalan og Vira er bestevenner.  
Dei kom hit samtidig,  
og dei fleste i nabolaget trur Vira er bestemora hans.  
Det kan dei godt tru.  
Ho verkar gammal nok til det, trass alt.

Nokre seier at ho er ei heks,  
men Kalan bryr seg ikkje om det.  
Ho er den snillaste personen Kalan veit om.

Vira er gammal no, og for kvar dag som går,  
er det som livet sakte svinn frå ho.

Ein dag pakkar Kalan sekken for dei begge  
og tar Vira med ut i skogen slik dei gjorde då ho var yngre.  
Dei syng med fuglane, dei helsar på alle dyra,  
og steg for steg følgjer dei ein liten bekk langt inn i skogen.

«Vi må heim att snart», seier Vira.  
Ho set seg på ein stein og kviler.  
«Eg orkar ikkje gå lenger no.»  
«Berre litt til», seier Kalan.  
«Vi er der snart.»

«Kvar skal vi?» spør ho og ser undrande på han.  
Kalan berre smiler lurt.

Der bekken begynner, finn dei ei lita kjelde.  
«Hugsar du sist vi var her?» spør Kalan.

Vira ser lenge på han.  
Ho nikkar sakte, som om minnet er langt borte.  
Så set ho seg på kne og ser ned i vatnet.

Ei jente på Kalans alder smiler mot ho frå spegelbildet.  
Vira dyppar hendene i vatnet og drikk.

For kvar slurk blir kroppen lettare og tankane klarare.  
Snart tar ho Kalan i handa og spring ut i skogen igjen.

